

VR-sak 25/17: Vestlandsrådet og AU sin møteplan for 2018.

Framlegg til møtedatoar for Vestlandsrådet og AU

Fylkesrådmannen rår til at det også i 2018 vert halde tre møte i Vestlandsrådet, og at AU har møte i god tid før desse for å setje dagsorden og planlegge møtegjennomføringa. Fylkesrådmannen legg opp til at AU no planlegg fem møte, særleg fordi AU skal ha ei rolle der aktuelle saker vert fanga opp og drøfta fortløpande gjennom året.

Fylkesrådmannen sitt framlegg er avstemt med bystyremøta i Bergen og Stavanger, slik at Vestlandsrådet sine møte ikkje skal kollidere med desse – slik det ved enkelte høve har gjort tidlegare. «Sommar møtet» er føreslege lagt til Molde 7.–8. juni med leiarfylket for 2018 som vertskap.

Tilråding

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere følgjande vedtak:

1. Vestlandsrådet sine møte i 2018 vert på følgjande datoar og på følgjande stader:
 - a. Torsdag 15. februar i Bergen
 - b. Torsdag 7. – fredag 8. juni i Molde (lunsj-til-lunsj-møte)
 - c. Møte torsdag 1. november i Sogndal

 2. AU sine møte i 2018 vert på følgjande datoar:
 - a. Torsdag 25. januar (skype/tlf. 08:15 – 09:00)
 - b. Torsdag 26. april (skype/tlf. 08:15 – 09:00)
 - c. Torsdag 21. juni (skype/tlf. 08:15 – 09:00)
 - d. Torsdag 27. september (skype/tlf. 08:15 – 09:00)
 - e. Torsdag 29. november (skype/tlf. 08:15 – 09:00)
-